

Sosiogram (relasjonar mellom barn/ungdom)

Eit sosiogram er ei registrering av relasjonar mellom barn/unge som gjeld for det tidspunkt registrering blei gjennomført.

Eit sosiogram kan gi den tilsette informasjon om alle barn/unge blir inkludert i fellesskapen med dei andre, og det kan gi informasjon om alle barn/unge ha ei oppleving av å vera med i fellesskapen.

Ut frå denne oversikten kan dei tilsette setja i gang tiltak som styrkjar alle barn og unges rett til å oppleve ei tilhøyre i fellesskapen med andre.

Barn/unge må bli sikra anonymitet når dei blir spurt om desse spørsmåla.

Slik kan du henta inn data:

1. Samtalar med barn/unge: Spør kven i gruppa/klassen dei likar å leika med, samarbeida med, vera saman med i friminutt, kven dei gjerne vil sitja med på bussen e.l
Be dei oppgi tre namn.
2. Barn/unge i skulen gir deg skriftleg tilbakemelding på spørsmål som over.
3. Observasjon av barn/unge i leik/aktivitet i ein tidsavgrensa periode, eks. over 3 dagar.
Observasjonen bør vera avgrensa for kva du ser etter. Ein kan t.d sjå etter:
 - Kven sender blick til kven under måltid?
 - Kven snakkar med kven under måltid?
 - Kven er saman i friminutt?

Sosiogram:

- Når alle data er på plass, skriv ein opp namn på alle barn/unge i ei form. (Sirkel, kvadrat e.l)
- Ein teiknar pil frå namn til barn/ungdom, til namn til barn/ungdom, der det har vore kontakt ut frå observasjonar som er gjort.
- Til slutt vil ein stå att med ein oversikt som viser om alle barn/ungdom blir valt/tatt kontakt med av andre barn/ungdom, og om det er nokre som ikkje blir valt/tatt kontakt med.

Oppfølging:

- Dei tilsette må i fellesskap reflektere over om det er behov for tiltak som styrkjar alle barn/unges kjensle av å vera inkludert. (Gruppe/-klasse miljøtiltak)
- Om det etter utprøvde tiltak framleis er grunnlag for uro, følgjer ein opp jmfr. handlingsretteleiar BTI nivå 0.
- Informasjonen den tilsette får i sosiogram er eit arbeidsverktøy for den tilsette. Resultatet må bli brukt på ein klok måte. Barn/ungdom og føresette skal ikkje bli vist sosiogram i sin heilskap. Den tilsette kan informera om funn *om det kan vera nyttig informasjon for barn/unges sosiale læring og utvikling*. Det skal **ikkje** blir brukt som eit «måltal» for å seia noko om korleis barn/unge fungerer i sosialt samspel med andre. (Eks «x blei valt av 5 andre»)
- Sosiogram bli **makulert etter gjennomføring**.

